

**MØTEBOK****Høyring av konsesjonspliktvrdering, Årskog
industriområde - uttale frå Fitjar kommune**

Utval sak	Utval	Møtedato
92/20	Formannskapet	04.11.2020

Vedlegg:

- 1 Høyring av konsesjonspliktvrdering av vatnuttak frå spillvatn til produksjon av postsmolt - Fitjar kommune - Vestland
- 2 vedlegg 3 NVE detaljer og bileter.PDF
- 3 Høyring av konsesjonspliktvrdering av vatnuttak frå spillvatn til produksjon av postsmolt - Fitjar kommune - Vestland.PDF
- 4 Vedlegg 2 NVE 1_5000 Alt.1-A3-L.PDF

Bakgrunn:

NVE har motteke melding frå Lerøy Sjøtroll Kjærelva (LSK) datert 20.07.2020 om førehandsvrdering av konsesjonsplikt for uttak av spillvatn frå Fitjar kraftlag sitt anlegg på Årskog. Fitjar kommune har i brev frå NVE datert 30.09.2020 fått meldinga til uttale med svarfrist 20.11.2020.

Meldinga skal handsamast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. NVE skal vurdere om tiltaket kan føre til skader og ulemper av eit slikt omfang for allmenne interesser, at det kan oppstå konsesjonsplikt etter vassressurslova. Døme på allmenne interesser kan vere friluftsliv, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt.


I tillegg ber NVE kommunen vurdere om eventuelle andre faktiske forhold kan vere av betydning i saka, til dømes informasjon om planstatus og eksisterande vassuttak.

Saksopplysningar:

Det er gjeve konsesjon til oppdrett av postsmolt og matfisk med maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 10 000 tonn ved lokalitet 39457 Årskog II. Den planlagde produksjonen er basert på bruk av sjøvatn, men det er også trong for vatn med lågare saltinnhald og derfor ønskjer søkjar å nytte seg av spillvatn frå Fitjar kraftlag sitt kraftanlegg i Årskog.

Område det er planlagt bygd RAS-anlegg ligg på gnr/bnr 69/15 n fl og er innanfor reguleringsplan med id 4615_20171. Spillvatnet renn i dag delvis i opne grøfter/bekker og delvis under utbygde industritomter (740 m totalt), og planen er å «fange» ein del av spillvatnet og lede det til det planlagde RAS-anlegget til produksjon av fisk.

Kartskisse avløpsvann Årskog



Planstatus:

Tiltaket vil vera i tråd med gjeldande reguleringsplan innanfor føremåla "næringsbebyggelse (BN5)" og "angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål (BAA1)". Sjå elles reguleringsføresegner §2.2.5.

Vurdering:

Den foreslåtte utnytting av spillvatn frå kraftproduksjon vil føre til endringar på eit avgrensa område.

Kraftlaget har hatt straumproduksjon i Årskogelva sidan 1936. Forhaldet ved og overfor kraftstasjonen (gnr 69 bnr 22) er avklart og avtalebasert. Fitjar kraftlag har avtale med Fitjar fjellsameige om regulering av Kyrkjevatn m. fleire. Videre har kraftlaget avtale om fallelige og regulering av Årskogelva med Fitjar kommune (revidert 2020). Kraftproduksjonen er regulert av konsesjon frå NVE utan krav til minstevassføring.

I avtalen mellom Fitjar kommune og Fitjar kraftlag om leige av fallrettane ligg det ein forplikting på kraftlaget til å samarbeide med eventuelle selskap som ynskjer å nytte vassressursen nedanfor kraftstasjonen. Fitjar kommune har inngått ein transporterbar intensjonsavtale om leige av vassressursen nedanfor kraftstasjonen med eit selskap i same eigarstruktur som LSK. Fitjar kommune eig arealet ved og nedanfor kraftstasjonen, til Sandvikvågvegen. Som privatrettsleg grunneigar og eigar av fall- og vassrettar er Fitjar kommune positive til initiativet.

Fitjar kommune kan ikkje sjå at ei utnytting av spillvatn frå kraftstasjonen vil medføre innspel eller innsigelsar frå grunneigarar på austleg side av Sandvikvågvegen.

Traseen til spillvatnet er konstruert (ikkje naturleg) og renn i dag ut i sjøen utan å verte nytta.

Meldinga har vore på intern høyring i administrasjonen i kommunen, utan at det er kome merknadar. Det er ikkje registrert kulturminner, verdifulle naturtypar, eller raudlista artar i område. Når det gjeld naturmangfald er det registrert gråspett i nærområdet i følgje naturbase, men den er vurdert som livskraftig på Vestlandet. Det føreligg ikkje informasjon om vilt i område – truleg då det er tale om eit næringsområde som ligg tett på skytebane.

Fitjar kommune ser det som positivt for utviklinga av Årskog industriområde at noko spillvatn frå kraftverket vert lagt i røyr, då delar av det opne bekkeløpet utgjer ein tryggleiksrisiko. I utgangspunktet er opne bekkeløp positivt med tanke på overvassproblematikk, men gitt det planlagde infrastrukturløftet på Årskog industriområde (som vert utløyst av utbygging), samt naturleg god avrenning i område, ser ein likevel ein samla positiv effekt. Det lyt takast høgde for klimaendringar ved dimensjoneringa, og dei privatrettslege tilhøva for grunneigarar som evt vert involvert.

Me kan ikkje sjå at ei utnytting av spillvatnet og ei evt. røyrlegging av denne vil medføre skader eller ulemper for allmenne interesser. Fitjar kommune er i positive til at søkjar vil

nytta spillvatn som ein ressurs, i staden for å bruke energi til å redusere saltinnhaldet i sjøvatn. Videre vil tiltaket kunne utbetre tilhøva i industriområdet.

Fitjar kommune vurderer kunnskapsgrunnlaget i høve naturmangfaldslova § 8 som oppfylt, men ei felles synfaring med NVE, fylkesmannen og fylkeskommunen kan vera positivt.

Då det ikkje vil medføre skader eller ulemper for allmenne interesser ved utnytting og røyrlegging av elva, ser ikkje Fitjar kommune noko behov for konsesjonsplikt.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune vurderer kunnskapsgrunnlaget i høve naturmangfaldslova § 8 som oppfylt, i vurderinga av uttak av spillvatn frå Fitjar kraftlag sitt anlegg på Årskog. Om ein finn det naudsynt med ei synfaring er Fitjar kommune positiv til det.

Fitjar kommune har vurdert meldinga og kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skader og ulemper for allmenne interesser. Fitjar kommune ser difor ikkje behov for konsesjonsplikt.

Tvert imot meiner kommunen det er positivt i eit miljø og klimaperspektiv at spillvatnet frå kraftstasjonen vert nytta som ein ressurs.

Behandling i Formannskapet - 04.11.2020:

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune vurderer kunnskapsgrunnlaget i høve naturmangfaldslova § 8 som oppfylt, i vurderinga av uttak av spillvatn frå Fitjar kraftlag sitt anlegg på Årskog. Om ein finn det naudsynt med ei synfaring er Fitjar kommune positiv til det.

Fitjar kommune har vurdert meldinga og kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skader og ulemper for allmenne interesser. Fitjar kommune ser difor ikkje behov for konsesjonsplikt.

Tvert imot meiner kommunen det er positivt i eit miljø og klimaperspektiv at spillvatnet frå kraftstasjonen vert nytta som ein ressurs.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.